



REFERAT FRÅ STYREMØTE

Stad:	Kommunehuset i Askøy
Dato:	10. februar 2014 11:00 lunsj - møtestart 11:30 – 13.00
Desse møtte:	Ordførar i Fjell: Eli Berland, ordførar på Askøy: Siv Høgtun, ordførar i Sund: Nils Kåre Skoge, ordførar i Øygarden: Otto Harkestad Rådmann i Fjell: Steinar Nesse, rådmann i Askøy: Odd Magne Utkilen Rådmann i Sund: Stig Arne Thune, rådmann i Øygarden: Siri Fahlvik Pettersen Frå sekretariatet: Grethe Bergsvik og Vignleik Brekke
Andre:	Frå NAV: Fylkesdirektør Anne Kverneland Boggsnes og strategisk rådgjevar Frode Storvik

REFERAT

01/14	Gjennomgang av referat frå møtet 02.12.13 Vedtak: Innkalling, sakliste og referat frå møtet 02.12.13 vart godkjent.
02/14	Fylkesmannen sin modell for tildeling av skjønsmidlar til omstilling og fornying Sekretariatet sendte i november 2013 framlegg til sak vedkommande ny modell for tildeling av skjønsmidlar som kommunane skulle leggje fram til politisk behandling. I etterkant har det kome signal om at det vil komme nye statlege retningslinjer for tildeling av skjønsmidlar. Fylkesmannen i Hordaland har ennå ikkje motteke desse og vil sende ut skriv til kommunane når dei nye retningslinjene er klare. Ny søknadsfrist vert mest sannsynleg 15. april. Vedtak : Rådmennene føl opp denne saka og samsnakkar om når og i kva form saka skal behandlast vidare.
03/14	Orientering – nyhende frå NAV Fylkesdirektør Anne Kverneland Boggsnes orienterte om aktuelle saker frå NAV (presentasjonen hennar vert sendt ut saman med referatet). <ul style="list-style-type: none">• NAV har utarbeidd ein ny <i>Leiarplattform</i> som skal gje felles grunnlag for leiing, kva krav som stillast til ein leiar, leiaråtfærd, leiarstøtte og kva forventningar NAV har til sine leiarar. Leiarplattforma skal først behandlast i partnerskapen, før den vert introdusert til alle NAV-kontora.• Det vert innført ny <i>Uførefreform</i> i 01.01.2015, men brev med informasjon om dette vert alt sendt ut i mai. Det er i dag ca 340 000 personar er på uføretrygd og NAV legg opp til god informasjon i forkant då omlegging av uføregelverket er omfattande. I tillegg vil NAV leggje stor vekt på å lære sine tilsette opp i forvaltning av den nye reforma. Føremålet med reforma er å oppnå fleksibilitet når det gjeld å identifisere restinntekspotensiale for å gjere det lettare for folk å kunne kombinere trygd og arbeid. <u>Kommentar:</u> Rådmannen i Fjell viser til at omlegging i NAV ofte resulterer i at mange tek

	<p>kontakt med kommunane, som må vere budd på å kunne svare på spørsmål. Regionrådet Vest ber difor om at informasjonsskriv frå NAV vert sendt kommunane i god tid slik at ordførarane kan orientere kommunestyra.</p> <ul style="list-style-type: none"> • NAV arbeider elles med å gjere informasjonen sin meir målretta for å avgrense ressursbruk på alle som feilaktig tek kontakt med NAV i staden for rett instans. • NAV har gjennomført ei ressursundersøking og resultatet etter denne er at dei store kontora har for få ressursar og dei små kontora har for mange. Aktuelle tiltak for vidare politisk oppfølging vil t.d vere justering av kontorstruktur og etablering av felles leiarplattform. • Etter fleire voldsepisodar på NAV-kontor er det gjennomført ei kartlegging av tryggleiken som har resultert i ein rapport. Nokre av tiltaka som er foreslått i rapporten er alt gjennomførte på fleire NAV kontor i Hordaland. Heile rapporten ligg på NAV.no • Status IA avtale: Forhandlingar pågår, dei skal vere ferdige før lønsforhandlingane tek til i vår. Eit av delmåla vil vere å gjere sjukefråværsoppfølging enklare. I tillegg skal sjukemeldar si rolle utgreiast. Ny avtale kan setjast i verk, med visse føresetnader, 01.07.14. • Det er sett i gong eit arbeid med å forenkle avtalestrukturen mellom NAV og den einskilte kommune. • NAV ønskjer å vidareutvikle av partnerskapet i Tenesteområde Vest, då dei opplever eit godt interkommunalt samarbeid på fleire område i denne regionen. Med det som bakgrunn ønskjer NAV å drøfte etablering av eit interkommunalt NAV-kontor. Fylkesdirektør Bogsnes tenkjer først og fremst på å drøfte tanken med kommunane Fjell, Sund og Øygarden. Planen er å byggje opp gode tenester for innbyggjarar og eit godt arbeidsmiljø for tilsette slik at dette kan verta eit føregangkontor i Hordaland. Askøy har alt eit stort og robust kontor og står godt på egne bein. <u>På spørsmål</u> om dette er ein sentral strategi svarar Bogsnes at bakgrunnen ligg i erfaring med oppfølging av brukarar og trua på at eit stort robust kontor i Region Vest vil bidra til betre tenester. Kommunane står heilt fritt, men den nye regjeringa er oppteken av å avbyråkratisere alle tenester. Regionrådet Vest vil ta innspelet med vidare til sine kommunar og drøfte ulike formar for samarbeid innanfor NAV sitt tenesteområde. <p>Til slutt fekk Anne Kverneland Bogsnes eit konkret spørsmål: Det vart vist til besøk av Trigger i rådmannsmøte tidlegare same dag, der Trigger signaliserte at verksemda ønskjer å auke talet på VTA-plassar. Ser fylkesdirektøren at dette kan la seg gjere? Bogsnes svarar at tiltaksbudsjettet ligg med ein fast profil, og Hordaland fylke er i dag det fylket som brukar mest midlar på VTA plassane. Ho vil likevel notere seg Tigger sitt ønskje. Regionrådet Vest meiner at dette tema er stort og viktig og må setjast opp på sakslista til eit seinare møte.</p>
04/14	<p>Tinget i Vest</p> <p>Ordførarane og rådmennene drøfta kva tema som kan vere aktuelle og det kom opp ulike framlegg til tema. Det vart peika på at formannskapa har stilt spørsmål ved nytteverdien av Tinget i Vest og at sakene på Tinget må vere nyttige og aktuelle for alle 4 kommunane.</p>

	<p>Ordførar Eli Årdal Berland la fram at ho gjerne såg at alle formannskapa vart presenterte for Statoil sin kommande forsyningsbasestruktur. Slike strategiske planar er det viktig at det politiske miljø og heile næringslivet i regionen er kjent med.</p> <p>Statoil har i møte med ordførarane vore tydeleg på at Region Vest ikkje står fram som ein region, i motsetning til kva som er tilfelle i Nordhordlandregionen.</p> <p>Eit anna og viktig tema er å få ei oppdatering på status i reguleringsplanarbeidet i forholdet til Bergen når det gjeld Sotrasambandet.</p> <p>Det kom vidare innspel på at tema på Tinget i Vest må tydeleg vise at det både er fornuftig og i mange tilfelle naudsynt å samarbeide interkommunalt. Samarbeid mellom verksemder rundt Hjeltefjord-bassenget kan vere eit slikt tema.</p> <p>Det vart bestemt at tema på neste Tinget i Vest nettopp vert å synleggjere kor viktig samarbeid mellom dei store og leiande verksemdene rundt Hjeltefjorden vil vere i framtida. Rådmannen på Askøy får i oppgåve å leggje til rette for synfaring til nokre sentrale verksemder på industriområdet Horsøy i tillegg til informasjon om det store subsea-miljøet i regionen i etterkant.</p> <p>Til Tinget i Vest i oktober vil tema vere å gje formannskapa oppdatert informasjon frå statleg hald når det gjeld framtidig kommunereform.</p> <p>Vedtak: Tema på Tinget i Vest 7. april vert samarbeid mellom verksemder rundt Hjeltefjord-bassenget. Rådmannen på Askøy legg til rette for synfaring til nokre sentrale verksemder på industriområdet Horsøy og for informasjon om det store subsea-miljøet i regionen.</p>
05/14	<p>Framlegg til Årsrapport 2013</p> <p>Ordførarane var nøgd med denne og teke den til orientering.</p> <p>Rapporten vert også sendt til alle kommunane slik at den kan takast med i kommunane sine Årsmeldingar.</p> <p>Vedtak: Årsrapport 2013 vert teken til orientering.</p>
06/14	<p>Ajourført liste over igangsette samarbeidsprosjekt</p> <p>Vedtak: Lista vart teken til orientering.</p>
07/14	<p>Eventuelt</p> <p>Ordføraren i Øygarden orienterte om at Fylkesutvalet kjem på synfaring til regionen 19. februar og har invitert ordførarane med i møte til å komme med innspel på kva utfordringar regionen har.</p> <p>Ordførar i Fjell orienterte kort om felles start på grunnlovsmarkeringa 16. februar med vardebrenning frå fjelltoppar i alle 4 kommunar.</p>